



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Administrasjonen

KD

18 JAN. 2007

200607215-102

Ref. 200607215

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Vår ref. 06/6482-5
A40 /SKIS

Dato 17.01.2007

HØRING - FORSLAG TIL ENDRINGER I LOV OM FAGSKOLEUTDANNING

Vi viser til brev av 15.11.2006.

Hovedutvalg for kompetanse behandlet saken i møte 15.01.2007, sak nr.2/07.
Hovedutvalgets vedtak framgår av vedlagte saksprotokoll fra møtet i hovedutvalget. Kopi
av saksframlegget uten vedlegg med forslag til vedtak fra fylkesrådmannen følger vedlagt.

Saken er ferdigbehandlet i Telemark fylkeskommune.

Vi har i e-post av 15.01.2007 orientert om hovedutvalgets vedtak.

Sverre Skifjell
rådgiver - Strategi og planlegging
sverre.skifjell@t-fk.no

Vedlegg:

Saksprotokoll fra møte 15.01.2007, sak nr.2/07 i hovedutvalget for kompetanse
Saksframlegg i sak nr.2/07 til hovedutvalg for kompetanse



Saksprotokoll

Utval: Hovudutval for kompetanse
Møtedato: 15.01.2007
Sak nr: 2/07

Resultat: Innstilling vedtatt

Arkivsak: 06/6482
Tittel: FORSLAG TIL ENDRINGAR I LOV OM FAGSKOLEUTDANING -
HØYRING

Vedtak i Hovudutval for kompetanse

1. *Tilbydar av godkjent fagskoleutdanning kan på visse vilkår få fullmakt til sjølv å oppretta og nedleggja fagskoleutdanninger.*
2. *Fylkeskommunane bør sjølv kunne organisere drifta av eiga fagskoleutdanning slik dei finn det føremålsteneleg innafør dei rammer lova fastset.*
3. *Det statlege tilskotet til fagskoleutdanning bør bestå av eit grunnbeløp og eit aktivitetsbasert tilskot.*
4. *Tilbydarar av fagskoleutdanning kan berre krevje eigenbetaling frå studentar dersom det ved tildeling av statstilskot ikkje er føreset at utdanninga skal vere gratis for deltarane.*
5. *Nemninga fagskole og fagskoleutdanning kan berre nyttast om utdanning og tilbydarar som har godkjenning etter lov om fagskoleutdanning.*

Behandlinga i Hovudutval for kompetanse
Fylkesrådmannens forslag til vedtak blei samrøystes vedteke



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Hovudutval for kompetanse

Sak nr. 2/07

***FORSLAG TIL ENDRINGAR I LOV OM FAGSKOLEUTDANING -
HØYRING***

*Arkivsaksnr.: 06/6482
Arkivkode: A40
Møtedato: 15.01.2007
Saksbehandler: Sverre Skifjell
Saksordfører: *
Behandling i:
2/07 Hovudutval for kompetanse*

Hovudutval for kompetanse i møte den 15.01.2007 sak nr. 2/07:

Vedtak i Hovudutval for kompetanse

1. *Tilbydar av godkjent fagskoleutdanning kan på visse vilkår få fullmakt til sjølv å oppretta og nedleggja fagskoleutdanninger.*
2. *Fylkeskommunane bør sjølv kunne organisere drifta av eiga fagskoleutdanning slik dei finn det føremålsteneleg innafør dei rammer lova fastset.*
3. *Det statlege tilskotet til fagskoleutdanning bør bestå av eit grunnbeløp og eit aktivitetsbasert tilskot.*
4. *Tilbydarar av fagskoleutdanning kan berre krevje eigenbetaling frå studentar dersom det ved tildeling av statstilskot ikkje er føreset at utdaninga skal vere gratis for deltakarane.*
5. *Nemninga fagskole og fagskoleutdanning kan berre nyttast om utdaning og tilbydarar som har godkjenning etter lov om fagskoleutdanning.*

Behandlinga i Hovudutval for kompetanse

Fylkesrådmannens forslag til vedtak blei samrøystes vedteke

Forslag til vedtak frå fylkesrådmannen

1. *Tilbydar av godkjent fagskoleutdanning kan på visse vilkår få fullmakt til sjølv å oppretta og nedleggja fagskoleutdanninger.*
2. *Fylkeskommunane bør sjølv kunne organisere drifta av eiga fagskoleutdanning slik dei finn det føremålsteneleg innafør dei rammer lova fastset.*
3. *Det statlege tilskotet til fagskoleutdanning bør bestå av eit grunnbeløp og eit aktivitetsbasert tilskot.*
4. *Tilbydarar av fagskoleutdanning kan berre krevje eigenbetaling frå studentar dersom det ved tildeling av statstilskot ikkje er føreset at utdaninga skal vere gratis*

- for deltagarane.*
5. *Nemninga fagskole og fagskoleutdanning kan berre nyttast om utdaning og tilbydarar som har godkjenning etter lov om fagskoleutdanning.*

Problemstillinga i få ord

Kunnskapsdepartementet har i brev av 15.11.2006 sendt ut forslag til endringar i lov om fagskoleutdanning. Styret for fagskoleutdanninga i Telemark vil behandla denne saka i møte 12.01.2007. Styrets vedtak i saka vil bli ettersendt. Vi har dessutan i brev av 23.11.2006 bede dei vidaregåande skolane eventuelt å uttale seg om saka. Ingen av skolane har uttalt seg. Uttalefristen er 15.01.2007.

Saksopplysningar

1. Innleiing

Kunnskapsdepartementet har sendt ut forslag til endringar i lov om fagskoleutdanning (fagskolelova). Høyringsfristen er 15.januar 2007. Fagskoleutdanning omfattar kortare utdaningar som byggjer på vidaregående opplæring eller tilsvarande realkompetanse. Utdaninga har eit omfang på minimum eit halvt studieår og maksimum 2 studieår. Utdaninga er yrkesretta.

Med forslaget ønskjer departementet også å klårgjera fagskoleutdanningas plass i utdaningssystemet slik Stortinget tidlegare har bede om.

NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitetssikring i utdaninga) foretar ei fagleg vurdering av utdaninga. Kunnskapsdepartementet gjev tilskot til utdaninga. Det er ein føresetnad for tilskot at utdaninga er godkjend av NOKUT. Fylkeskommunane er ikkje forplikta til å ha fagskoleutdanning. Ei slik utdaning er likevel ønskjeleg og eit godt tilbod til ungdom og vaksne.

2. Om godkjenning av utdaningstilbod

I lovas § 2 er det foreslått at *"tilbyder av utdanning som er godkjent som fagskoleutdanning, kan under visse vilkår få fullmakt til sjølv å opprette og legge ned fagskoleutdanninger innen visse fagområde (godkjent tilbyder). Departementet gir forskrift om vilkår for godkjenning av tilbyder."*

Vi sluttar oss til dette forslaget. Vi reknar med at utdaninga ved Telemark tekniske fagskole vil kome inn under ei slik ordning. Dette vil gjere det lettare å tilpassa tilboden til det lokale behov.

3. Om organisasjon og leiing

Ved fastsettinga av fagskolelova i 2003 Ot.prp. nr.32 (2002-2003)) foreslo departementet at det ikkje var krav til eige styre i dei tilfella der stat, fylkeskommune eller kommune er eigar av utdanningsinstitusjonane. Departementet meinte at vedkomande forvaltningsnivå sjølv ville vere øvste ansvarleg, men sjølv kunne organisera slik det er hensiktsmessig innafor dei rammer lova fastsett. Under behandlinga av saka i Stortinget blei forslaget endra slik at også tilbydarar eigde av stat, fylkeskommune eller kommune skulle ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan.

I § 3 i forslaget heiter det no mellom anna:

"Tilbyder av fagskoleutdanning skal ha et styre på minst 5 medlemmer, og er øverste styringsorgan for fagskolen.

Styret er ansvarlig for at studentene får den utdanningen som er forutsatt som grunnlag for godkjenningen, at alle vilkår for eventuell offentlig tilskudd overholdes og at virksomheten for øvrig drives i samsvar med gjeldende lover og regler. Styret er ansvarlig for at de opplysningene som blir gitt godkjenningsorganet og utdanningssøkende, er korrekte og fullstendige.

Tilbyder av fagskoleutdanning skal ha en administrativ og faglig ledelse som skal stå for den daglige driften av utdanningen innenfor de retningslinjer og pålegg styret har gitt. Den administrative og faglige leiing ansettes av styret."

Fylkeskommunane har svært lang erfaring med å vere skoleeigar for fagskoleutdanning. Fagskoleutdanning vil i stor grad kunne byggje opp under fylkeskommunen som ein regional utviklingsaktør.

I St.meld. nr. 12 (2006-2007) "Regionale fortrinn – regional framtid" som regjeringa la fram 08.12.2006, er det foreslått at ansvaret for drift og finansiering av fagskoleutdanninga vert overførd til dei nye regionane.

I fleire fylker – ikkje i Telemark - er fagskoleutdanninga ein integrert del av vidaregåande skolar med felles leiing. Kravet om at tilbydar skal ha eit eige styre som mellom anna skal tilsetje administrativ og fagleg leiing, gjer dette særskilt problematisk.

Slik fagskolelova er i dag og som blir foreslått ført vidare i det reviderte lovframlegget, blir fylkestinget som skoleeigar i stor grad sett på sidelina. Den einaste reelle påverknad fylkestinget har på eiga fagskoleutdanning er å oppnemna styret.

Etter vårt syn bør fylkeskommunane sjølv organisere drifta av eiga fagskoleutdanning slik dei finn det føremålsteneleg innafor dei rammer lova fastsett.

4. Statleg tilskott til fagskoleutdanning

I § 8 foreslår departementet at det kan gjevast eit statleg tilskott til fagskoleutdanning som er godkjend etter lova.

Fagskoletilboda er i dag stykkprisfinansierte. Det vil seie at staten gjev tilskott til kor mange studentar som får opplæring. Godkjenning av nye tilbod fører ikkje automatisk til rett til stykkprisfinansiering – heller ikkje for dei fylkeseigde tekniske fagskolane. Når lova nå opnar for andre utdaningsvegar - til dømes utdanning innafor helse- og sosialfaga – bør dette føre til at dei statlege løyvingane til fagskoleutdanning aukar.

Etter vårt syn bør det statlege tilskotet bestå av eit grunnbeløp og ei aktivitetsbasert finansiering. Vi vil vise til at landslinene i vidaregåande opplæring – der staten i utgangspunktet skal dekkje alle driftskostnadane – har eit grunnbeløp som utgjer 85 % av totalkostnaden, medan 15 % av kostnaden er aktivitetsbasert. Ei tilsvarende ordning bør kunne innførast for fagskoleutdanning. Dette vil kunne skape meir stabilitet for tilbydarane.

5. Om eigenbetaling

Departementet foreslår følgjande i § 9:

"Tilbydere av fagskoleutdanning kan bare kreve egenbetaling fra studentar i den grad det ikke ved tildeling av statstilskudd er forutsatt at utdanningen skal være gratis.

Tilbydere av fagskoleutdanning skal la statstilskudd og egenbetaling fra studentene komme studentene til gode. Tilbydere som mottar statstilskudd, kan ikke gi økonomiske utbytte eller på annen måte overføre overskudd til eier eller dens nærtstående.

Departementet kan fastsette forskrift om tilbyders adgang til å ta egenbetaling fra studenter og om adgangen til å krevje inn andre utgifter knyttet til studiene."

Vi føreset at denne ordninga ikkje omfattar lærebøker eller andre lærermiddel det er naudsynt å ha for den enskilde student for å kunne følgje opplæringa, men utgiftene til dette føremål framleis er den enkelte students ansvar. Vi er elles samde i forslaget.

Samstundes vil næringslivet kunne etterspørje spesialtilpassa utdaningsmodellar. Desse vil ofte kunne vere meir kostnadskrevjande enn ordnære fagskoleutdaningar. I slike tilfelle må det i lova vere opning for å kunne ta eigenbetaling for å dekkje ekstrakostnadane.

6. Nemninga fagskoleutdaning og fagskole

I ny § 10 i lova foreslår departementet at nemninga fagskoleutdaning og fagskole berre kan nyttast om utdaning og tilbydarar som har godkjenning etter denne lova.

Vi sluttar oss til dette.

Vurdering frå fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen viser til utgreiinga ovafor.

Vedlegg:

Brev av 15.11.2006 frå Kunnskapsdepartementet med vedlegg